

## Retningslinjer 2024

1. Grunneigar skal ha oversikt over kven som representerer bruket på felles jakt dagar
2. Ved deling av kjøtt kontaktar valdleiar grunneigar. Det er grunneigar sitt ansvar å koordinera deling av kjøtt med jeger som eventuelt jaktar for bruket.  
Også i andre jaktrelaterte saker kontaktar valdleiar grunneigar, om ikkje anna er avtalt.
3. Ein jakt dag er ikkje ferdig før alt arbeid er avslutta. Det vil seia at alle skal delta til slakting, merking, skjemaføring (sjå punkt 7), rydding, fjerning av slakteavfall, sikring av slakt mot fluger etc. er ferdig.
4. Alle skal om ikkje anna er avtalt stilla med:
  - Orange jaktcaps
  - Stor sekk
  - VHF radio med jaktkanalar
  - Tau
  - Kniv
  - Mobiltelefon
  - Avfallspose, men med tøysekk (kjøtsekk) i tillegg.

Dei som ber borse skal også ha med:

  - Jegeravgiftskort med kvittering for betaling og avlagt skyteprøve
  - Våpenkort

Elles er det greitt om ein har med:

  - ”Sytråd”/strips til å snøre saman opninga i buken
  - Flagg, pose eller liknande til merking av skotne dyr
  - Feltsag
5. Etter gjestejegerhelgane bør bruka så langt som råd stille med jegerar med borse
6. Jakt utanom felles jakt dagar skal avtalast med feltleiar Geir Olav Guddal, tlf. nr. 90794640. Dette er vanlegvis berre aktuelt mot slutten av jakta. Etter avslutta jakt dag skal leiar informerast, blant anna for utfylling av «sett hjort» skjema.
7. Kvar enkelt jeger fyller ut sine observasjonar på skjema/tavle i skuret for «sett og skutt». **Dette er viktig!** Leiar fører inn i hjorteviltregisteret.no.
8. Fråver frå felles jakt dagar skal meldast opp så tidleg som råd til jaktleiar for aktuell helg og feltleiar
9. Om ikkje anna er avtalt pliktar grunneigar å stille med folk på felles jakt dagar. Eitt og anna fråfall er uunngåeleg, men oppmøte premiært med kr. 500,- per jakt dag per bruk.
10. Alle skal yta etter evne
11. Unngå å skyte ”kolle før kalv”
12. Tryggleik: sjå eigen parole på [www.guddal.net](http://www.guddal.net)
13. Skadeskyting: sjå eige skriv på [www.guddal.net](http://www.guddal.net)
14. Jaktdatoar, kvote etc: sjå [www.guddal.net](http://www.guddal.net)